

Notat til Klagenemnda – gnr. 186 bnr 157 - fylkesveg 5302 Bekkjarvikveien – Tertnes - Bergen kommune



Kartet frå 2019 viser området med tilgrensande eigedomar mot fylkesveg 5302 Bekkjarvikveien. Eksisterande avkøyrslar frå fylkesvegen er vist med raud pil, medan omsøkt eigedom er markert i svart. Den blå pila viser godkjent avkøyrslar frå kommunal veg. Blå sirkel viser plassering av omsøkt avkøyrslar, som allereie er etablert ulovleg.

Kartet viser at fleire bustadeigedomar har avkøyrslar direkte frå Bekkjarvikveien. Samstundes er det ingen eksemplar på eigedomar som har to avkøyrslar frå offentleg veg, slik det er søkt om i denne saka. Vi gir vanlegvis ikkje løyve til avkøyrslar nummer to, ettersom forskning viser at auka tal på avkøyrslar på same strekk gir større risiko for ulukker.

Historiske kart viser at dei fleste bustadeigedomane som har avkøyrslø direkte frå fylkesvegen vart bygga før veglova av 1964. Trafikkmengda på denne tida var betydeleg mindre, og eventuelle krav til utforming er endra i nyare regelverk. Vi skal alltid leggje krav i gjeldande vegnormalar til grunn ved behandling av søknadar om nye avkøyrslø, jf. veglova § 43.

